

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MAI 2006.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset  
Visepres.: Hans Gisle Holstad  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: Ingar Bigset  
Styremedlem: Aage Nyttun  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Leiar ungdoms  
utveksling: John Stennes  
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Egil Utgård

## Fødselsdager i mai:

Halkjell Dahle	06.05
Johan Ole Brandal	23.05
Hans Otto Rise	27.05

## 100% frammøte mai: 2006:

Karl J Brandal	Johan Ole Brandal
Johs. Hareide	Hans G. Holstad
Arne G Grimstad	Oddvar Haugen
Trygve Riise	Vigdis Riise
Arve R Røyset	Hans Otto Rise

Frammøte: 58,6%

## Tankar kring det å feire nasjonaldagen i utlandet

I år var eg ikkje heime 17. mai. Derfor gjekk eg glipp av den tradisjonelle feiringa. Eg må innrømme at det var litt snippe å vakne opp 17. mai utan salutt, hornmusikk, flagg og barnetoget. Der var heller ikkje norske flagg eller noko ekstra på frukostbordet. Ingen på hotellet der vi budde visste at dette var vår Nasjonaldag. I svingen ved bensinstasjonen var der ikkje samanstimling av folk som venta på at toget skulle kome attende, slik vi kunne lute oss inn og fylgje med hopen inn til kyrkja. Der var heller ikkje gudsteneste i kyrkja, kransing av minnesteinane eller kaffi på Bedehuset. Ikkje Borgartog, Fantetog eller leikar på Idrettsplassen. Der var heller ikkje Folkefest. Der var heller ingen kjenningar eller andre norske slik at vi kunne gratulere kvarandre med dagen. Heller ingen som vi kunne drikke kaffi eller feire dagen saman med. Sjølv om tradisjonane som vi har her i bygda og over alt i landet i samband med feiringa av Nasjonaldagen vår, mange stader synest enkle, er dei viktige for vår identitet, og for vår nasjonalkjensle, og er med å knyte oss saman som norske borgarar.

Vel overstått feiring frå ein som i år ikkje tok del.

*Egil Utgård*

## **Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – mai 2006**

*Referent: Egil Utgård*

### **Møte 8 mai.**

Dette møtet hadde styret avsett til dugnad på turstien langs med Hareid-elva. Til no har klubben hatt 8 dugnader på dette prosjektet, og mellom 15 og 20 medlemmar har møtt opp på dugnadane kvar gong.

*Johs. Hareide, som har vore formann i komiteen for Samfunnsutv. og Prosjekt, har vore hovud pådrivaren av prosjektet. Her ser vi han i fullt arbeid.*



Men Johs. har ikkje vore åleine. Mange har gjort ein stor innsats. Både past-president Ingar og president Arve Richard, har vore trufaste i dugnadsgjengen. Her ser vi dei i fullt arbeid.



Det er mange som har vore med å gjeve tilskot for at vi skal få prosjektet realisert.

Klubben har forplikta seg til å utføre dugnad for om lag kr. 100.000. I tillegg har *Sparebanken Møre, Elveigarlaget, Saniteten/Pensjonistlaget, Landbrukskontoret og Rotary sentralt gitt tilsegn om stønad.*

Klubben har no gjennom kommunen inne søknad om tippemidlar, og dersom vi skal få vegen fullfinansiert frå Hareid-brua og fram til Grimstadvatnet, er vi avhengig av å få dette tilskotet.

Arbeidet med ryddinga av skog og kratt langs sjølve traseen for vegen, eit arbeid som medlemane skulle gjere, er no på det næraste ferdig, berre litt kratt ned mot elva står att å rydde før maskinene kan starte oppatt.

Det vidare arbeidet då vert å legge armeringsduk opp på planert trase, og single og gruse med eit dekklag på 10-15 cm.

### **Møte 15. mai.**

Ein gong kvart år held Rotary møte saman med dei eldre på Alder- og sjukeheimen.

Dette er noko som dei som bur der set stor pris på, og mange hadde sessa seg kring dei fint dekkja borda då President Arve Richard ynskte alle velkomne. Mange av medlemmane i klubben har nær familie, naboar eller kjenningar som bur på Hadartun, og praten gjekk livleg kring borda.

Etter at vi hadde sunge bordverset, trylla kjøkkenet fram delikate smørbrød og kaffi. Drøsen gjekk livleg, og mange historier og minne dukka opp i samtalanene med kjende og kjære.

Presidenten hadde i høve vitjinga teke med seg trekkspelet, og dei eldre tok del i kjende songar som "Rosa på ball", "Dansen på Måkeskjær" og "Trønderbrura", og det var ikkje fritt for at det kribla i dansefoten for mange.

Kvelden vart avslutta med songen "Dei nære ting".

### **Møte 22. mai**

Vi åpna møtet med å synge "No livnar det i lundar.

Presidenten hadde vore på Amerikabesøk, og hadde på turen vitja ein klubb i Sweet Home der han hadde fått med seg vimpel til klubben vår. Denne vart overlevert. Han orienterte deretter om turstiprosjektet. (sjå eige notat)

**Johan Ole Brandal** minte oss så om Sir Lanka-prosjektet, og at kvar medlem måtte innbetale inn kr. 200.00 til prosjektkontoen som er 3910.25.57291. Dei av medlemmane som ikkje har betalt inn dette beløpet, må gjere det snart! Til no er der kome inn kr. 18.000 på kontoen.

**Hans Gisle Holstad**, påtroppande president i klubben, refererte så frå "PETS"-samlinga som han og sekretæren hadde vore på.

Ny guvernør for vårt distrikt for Rotaryåret 2006-2007, vert Per Ottesen som hadde fylgjande målsettingar for sitt rotaryår:

- At gjennomsnittleg frammøtet i distriktet vårt skal verte minst 60 %
- At det vert utarbeidd vedtekter for kvar klubb.
- At klubbane fylgjer den nye organisasjonsplanen ved val av komitear.
- Fleire kvinner inn i Rotary.

Hans Gisle refererte så litt frå spørjeundersøkinga som Rotary hadde gjennomført.

I denne undersøkinga kom det fram at ”Interessante foredrag på møta” var det viktigaste kriteriet for eit ”Rotary-medlemskap”

**Bjørn Teigene** presenterte så eit byggeprosjekt i området ved Fellesnaustet på Indre Hareid.

Prosjektet er utarbeidd i samarbeid med Sporstøl Arkitekter, og i prosjektgruppa hadde han med seg: Johs. Hareide, Torgeir Ringstad, Kaspar Overå og han sjølv.

I debatten som fylgde, tok Einar Holm og Svein Egil Kleppe til ordet for at eit slikt prosjekt ikkje burde vore presentert i Rotary, Oskar Grimstad og Arne G. Grimstad var ikkje samde i det, og etter ei kort ordveksling fann presidenten det rettast å avslutte debatten.

Som redaktør har eg sett litt på vedtektene, og vil gjerne føye til fylgjande:

Det er Programkomiteen som har ansvaret for dei programma som vert presenterte i klubben. Dersom eit eller fleire medlem er ueinige i at eit planlagt program/innlegg vert halde, må dette takast opp med Programkomiteen og ikkje under innlegget/debatten med den som er beden om å halde innlegget.

Slik vedtektene i § 12 for Rotary er utforma, kan eg ikkje sjå at desse er til hinder for at prosjektet som Bjørn Teigene presenterte, og som har stor betydning for allmenheita og for mange av klubben sine medlemmer, vert teke opp til orientering i Rotary. Dette for at kvart medlem kan gjere seg opp si eiga meining om prosjektet. Det som er viktig er at klubben ikkje uttrykkjer noko felles standpunkt i ei sak der det er ulike private og offentlege interesser og meiningar. Men saka kan utvilsamt takast opp og drøftast.

Kanskje det ville vere på sin plass at vi tar ein eigen diskusjon om Rotary sine Samfunn-, nasjonale og internasjonale reglar, og korleis vi skal handsame slike lokale saker der det er ulikt syn.

**John Stennes** orienterte til slutt om ungdomsutveksling. Han ville kalle inn 10. klassingane i ungdomsskulen og 1. klassingane på vidaregåande skule til eit orienteringsmøte. Kontaktpersonar i vår klubb er Otto Holstad og John Stennes.

### **Møte 29. mai**

Dette var siste møte i månaden, og programfritt. Liv hadde som vanleg sett fram kaffi og kaker og praten gjekk lett og livleg kring borda.

Det ser ut som om alle set pris på denne programfrie kvelden, og vi må prøve å halde den ”heilag” utan innlegg frå verken presidenten, styret eller andre medlemmer.

Dette er det mange av medlemmane som har gitt uttrykk for.

---


**Vedlegg:**

Frammøtestatistikk dei to siste åra utarbeidd av Egil Utgård.

Hareid Rotary

FRAMMØTESTATISTIKK 2004/2005- 2005/2006

månad	2004/2005	2005/2006	2006/2007									
juli	44,60	58,40	40,80									
august	61,90	59,40										
september	58,00	66,10										
oktober	76,60	72,30										
november	75,60	74,20										
desember	67,70	71,00										
januar	82,60	74,20										
februar	75,80	65,70										
mars	65,60	66,40										
april	68,60	48,60										
mai	61,20	58,60										
juni	71,00	52,40										
<b>Gjennomsn:</b>	<b>67,43</b>	<b>63,94</b>	<b>40,80</b>									
<b>Gjennomsnittleg hittil</b>			<b>40,80</b>									



Utarbeidd av Egil Utgård